

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo
e-post: postmottak@fkd.dep.no

Hardanger, 14.mars 2013

Høyringsvar ó Utkast til forskrift om særskilt regulering av akvakultur i Hardangerfjorden.

Vi viser til høyringsbrev om framlegg til forskrift om nytt forvaltingsregime i Hardangerfjorden.

Samandrag

Hardangerfjord Villfisklag vurderer arbeidet med å få på plass ei forskrift om nytt forvaltingsregime i Hardangerfjorden som svært viktig. Særskilde utfordringar knytt til sameksistens mellom villfisk og ei kraftig aukande akvakulturnæring, set Hardangerfjorden i ei miljømessig særstilling. Det er no viktig at ein evnar å få på plass ei Hardangerfjordforskrift som er i samsvar med Regjeringa sine mål i **Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring**.

Ei Hardangerfjordforskrift må og bidra til måloppnåing for øvrige tiltak som er/vert iverksett. Ikkje minst for å kunne lukkast med prosjektet « **Nasjonalt pilotprosjekt i Hardangerfjorden for strakstiltak for vill laksefisk** ». Eit tiltak som ei samla forvaltning, kommunane kring Hardangerfjorden, næringa og villfiskinteressene er saman om å gjennomføre.

Dagens forvaltningsregime med MTB, open produksjonsteknologi og eit produkssjonstak på 50.000 tonn fører til eit press på fjordmiljøet som ein har ei historisk erfaring for er langt utover Hardangerfjorden si bæreevne.

Situasjonen krev særleg fokus

Myndigheitene og næringa har dei siste åra sett i verk ei rekke tiltak i eit forsøk på å vinne kontroll over situasjonen i Hardangerfjorden. Eksempel på slike tiltak er:

- Frysvedtaket i 2008
- Koordinert lakselusinnsats i regi av Mattilsynet
- Soneforskrifta for Hardanger og Sunnhordland
- Oppjusterte lakselusforskrifter

Tiltak som alle vitnar om ei brei politisk og forvaltningsmessig erkjenning av miljøproblema i kjølvatnet av ein raskt veksande og svært intensivt lakseindustri.

Den mest effektive måten å nå måla i Regjeringa sin bærekraftstrategi vil difor være ein kraftig reduksjon i produksjonsvolumet inntil ein har ein meir miljørett teknologi på plass.

Det er difor viktig at ein ved innføringa av tiltaket evnar å stimulere til innovasjon og meir miljørette løysingar for produksjon av laksefisk i Hardangerfjordsystemet. Her kan Hardangrregionen framstå som ein pilotregion innan nyskapande tiltak som bør kunne få positive fylgjer for sysselsettinga i eit elles næringssvakt område av Hordaland.

Situasjonen for vill laksefisk

Havforskningsinstituttet (HI) la i januar 2013 fram rapporten **öRisikovurdering ó miljøverknader av norsk fiskeoppdrettö**. Her konkluderer HI med at grunna lakselus og rømd oppdrettslaks er bærekraftsituasjonen i norsk oppdrettsnæring svært problematisk langs heile kysten og at miljøeffektane av oppdrett ikkje oppfyller måla i regjeringa sin bærekraftsstrategi frå 2009. Særleg er instituttet uroa over utviklinga av multiresistens mot dei mest nytta legemidla mot lakselus og at dette vil forverre stoda for villaks og sjøaure.

For Hardangerfjordsystemet er det særleg grunn til uro over det store lusetrykket ein registrerer i heile fjordsystemet. Basert på den kartlagde lusesituasjonen i perioden 2010 til 2012 har det faktiske lusetrykket auka i midtre deler av Hardangerfjorden. Her er målestasjonane i Ålvik og Rosendal.

På bakgrunn av funna ein gjer her er den estimert auken i dødlighet på sjøaure grunna lakselus heile 87 % i Rosendal, 40 % i Ålvik og 74 % i Etne. Dette er «rekordtal» i høve tidligare registrerte verdiar og gir grunn til fortsatt stor uro for sjøauren i vassdraga kring Hardangerfjorden.

Produksjonsnivå

Hardangerfjord Villfisklag meiner at ei forskrift som vidarefører dagens produksjonsnivå på 50.000 tonn, ikkje vil kunne bidra til å nå måla i bærekraftsstrategien. Det har ein historisk erfaring for.

I 2008 var produksjonsvolumet 48.000 tonn og gav grunnlag for Frysvedtaket i 2009. Den gong vart det frå forvaltninga gitt uttrykk for at Hardangerfjorden var i ein økologisk krisesituasjon. Diverre registrerer vi at næringa innanfor dette regimet har hatt høve til å forskuttere effekten av pålagde miljøforbetnings tiltak. Paradoksalt nok har dagens forvaltningsregime med ein MTB på 50.000, gitt rom for ein enorm produksjonsauke. Noko som neppe var hensikten.

Det er i den samanheng grunn til å minne om det regjeringsoppnemnde Gullestad-utvalet som i rapporten: **öAreal til begjærö**, gav klare råd til Fiskeri- og kystministeren;

Utvalet går inn for ein vekstpause i norsk oppdrettsnæring og gjer framlegg om å redusere biomasse i områder med vedvarande høge tap for å tilpasse biomassen til området si bæreevne.

öBærekraftsutfordringene næringen står overfor i flere deler av landet er av et omfang som tilsier at det bør treffes tiltak for å hindre videre negativ utvikling. I Utvalget vil derfor anbefale at det foreløpig ikke tillates ytterligere vekst verken gjennom tildeling av nye tillatelser eller gjennom generelle økninger av MTB knyttet til allerede gitte tillatelserö.

Om det berre er eit område på vår langstrakte kyst der dette rådet burde takast til fylgje, er det i Hardangerfjorden.

Store innslag av rømd oppdrettslaks i vassdraga

Resultata av gytetellingar og organisert utfisking i vassdraga gir grunn til større uro enn nokon gong. T.d. i Etnevassdraget, eit nasjonalt laksevassdrag og ó laksefjord, der innslaget av rømmingar hausten 2010 var 75 %. Ein auke frå skrekkåret 2009, då andelen var 68 %.

At ein i 2011 og 2012 har opplevd ein reduksjon i det prosentvise innslaget av o-laks i vassdraga generelt, skuldast eine og aleine ei tilbakevandring av villaks som desse åra har vore i nærleiken av det ein naturleg kunne vente utifrå einskildbestandane sin produksjonsevne. Årsaka er truleg å finne i ein kombinasjon av meir gunstige tilhøve på tidspunktet ved smoltutvandring (lusesituasjonen) og i havfasen til fisken.

Det er grunn til å minne om at då Etnevassdraget vart stengt sesongen 2010, var samtlige lakseførande vassdrag i Hardangerfjorden stengt for fiske etter laks. I tillegg innførde Fylkesmannen i Hordaland frå og med 2010 fiskeforbod etter sjøaure i vassdraga i midtre

Hardangerfjorden. Hovedårsaka til dette er dei sterke negative verknadane av lakselus og rømlingar på gyteplassane. Dette forbodet gjeld framleis og er foreslått vidareført til 2014.

Etablere miljømål som parametre for måling av suksess

Akvakulturlova sin miljøbestemmelse peikar på at havbruk skal etablerast, vert drive og avviklast på ein miljømessig forsvarleg måte. Utifrå ei heilheitleg vurdering skal føre-var-prinsippet ved risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet verta lagt til grunn. Prinsippet om at òei samla belastningø skal særleg vektleggast, betyr at påverknaden på eit økosystem vert vurdert utifrå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli, utsett for. Desse prinsippa ligg til grunn i Naturmangfaldslova og gir føringar for praktiseringa av Akvakulturlova.

I framlegget til Hardangerfjordforskrift saknar vi eit sett av omforente styringsparametre i form av miljømål. Dette vil være avgjerande for å vurdere graden av suksess ved gjennomføring av tiltaket. Døme på aktuelle parameter bør vera:

Lakselus

Eksisterande kartleggingar i regi av Havforskningsinstituttet må vidareførast. I tillegg ligg det føre ein lang tidsserie, frå 1998, med kartlegging av for tidleg tilbakevandra luseskada sjøaure i dei fleste vassdraga i Hardangerfjorden. Denne kartlegginga har vist seg å gi god overlapping og stort samsvar med andre metodar som bur, garn og trål, nytta for å måle luseomfanget. Villfisklaget meiner at dette arbeidet dokumenterer situasjonen på ein god måte og vil kunne indikere endringar i vilkåra for sjøauren i fjorden.

Innslag av rømd oppdrettslaks på gyteplassane.

Under Villaksutvalget si 10 årsmarkering i mai 2010 sa Fiskeri- og kystminister Lisbet Berg-Hansen flgd.:

*Innrapporterte rømmingstall for de to siste årene er de laveste på 15 år. Det er gledelig, men jeg slår meg ikke til ro med det. **Det er grunn til å anta at de faktiske rømmingstallene kan være høyere enn statistikken viser. Derfor vil innslaget av rømt oppdrettsfisk på gyteplassene være et bedre måltall for potensiell skadelig effekt. De ulike laksebestandene har trolig ulike tålegrenser og robusthet, og det arbeides med egnede indikatorer for å måle effektene av rømming.***

Hardangerfjord Villfisklag meiner det er all grunn til å ta Fiskeridirektoratets rømmingsstatistikk med «ei klype salt». M.a. viser den refererte statistikken i høyringsbrevet frå FKD at ikkje er registrert rømingstal eller -hendingar i Hardanger. Dette er direkte feil. Fiskeridirektoratet stadfesta ved tre tilfeller i 2012 rømd oppdrettslaks i fjordsystemet. Villfisklaget var m.a. initiativtakar og pådrivar til innsamling av rømmingar frå ei ikkje rapportert røming i Kvam herad i august-september 2012. Eit materiale det er gjennomført vellukka sporing av opphav til.

Tiltak for å stimulere miljørette teknologiløysingar

Gjennom tiltaket bør ein stimulere til innovasjon av meir miljørette løysingar for produksjon av laksefisk i Hardangerfjordsystemet. Forskrifta gir eit godt høve til å bidra til ei omlegging i driftsform til eit meir miljørett havbruk. T.d. burde ein vurdere å gi løyve til å auke andelen smolt inntil 1 kg produsert i lukka løysingar i sjø innan verkeområdet for forskrifta.

Lokalt næringsliv går årleg glipp av store inntekter

Vestlandsfjordane har ved fleire høve blitt kåra til verdas beste reisemål. I Hardangerfjorden finn ein reiselivsverksemdar med sterke og lange tradisjonar. Tradisjonar som byggjer på naturverdiar som m.a. eit historisk rikt lakse- og sjøaufiske. No er vi i ferd med å miste denne utruleg viktige ressursen for Hardangerregionen. Grunneigarar og næringsliv går årleg glipp av store inntekter. Eit vassdrag med ein naturleg og sunn fiskebestand gir grunnlag for trivsel, positivt engasjement og bulyst.

Beste helsing
Hardangerfjord Villfisklag

Sven-Helge Pedersen